



Det blir snart fleire hytter på denne delen av Skorpo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Administrasjonen meiner at det bør bli utarbeida ei privat bebyggelsesplan av fagkunnige for området ved Vågen på Skorpo. Saka skal opp i forvaltningskomiteen onsdag.

Føremålet er å byggja fritidsbustader og Kåre Hauge er tiltakshavar med J. Tufteland som fagkunnig konsulent. Det er ingen reguleringsplan i området no.

Før endeleg planforslag vert fremja for kommunen til offentlig ettersyn, skal det vera avklara med arkeologiske myndigheiter at tiltak ikkje kjem i konflikt med fornminne. Planen må omfatta gangveggar /stiger i området.

Kommuneadministrasjonen gjer det klart at fritidsbustader ikke skal oppførast nærare sjø enn 40 meter og at næraste eigedomsgrense ved frådelling ikkje skal vera nærare sjø enn 30 meter.

Arealet ligg innanfor område med føremålet LNF-område med spreidd bustadbyggjing. Det er to grunneigarar. Ole Kristoffer Vågen eig den vestlege delen av området. Han har etter førespurnad opplyst at han førebels ikkje er interessert i å vere delaktig i ein plan for området. Den andre grunneigaren, Kåre Hauge, disponerer over tre av dei fem hyttetomtene som er aktuelle .

Av Ola Matti Mathisen